
Fra: Anngunn Marie Gullbrå
Sendt: 24. september 2015 09:44
Til: 'Knut Martin Bjrnestad'
Kopi: Anny Bastesen; Per Atle Sæle
Emne: SV: Grensepåvising 40/35

I brevet som me sende dykk bad me dykk om å sannsynleggjera at det var kommunen som var skuld i at grensemerket til skyttarlaget sin eigedom var vekke/ fylt ned. De har muntleg meldt tilbake at de meiner de er slik.

Kommunen meiner at dette var ein Fylkesveg på tidspunktet utvidinga skjedde og at kommunen då overtok vegen i ettertid av dette arbeidet- ca midt på 1980-talet. Meland kommune tok på seg arbeidet med oppmåling og utbetaling av erstatning for utvidinga av Fylkesvegen- der dette vart krevd. Dette vart berre gjort i starten av vegen frå Myrvollane og gjaldt berre den delen av vegen som gjekk over 16/3 og 16/4. Slik oppmåling av areal til vegutviding vart rekvirert i 1983, men fullført oppmålt i 1988 og 1989.

For resten av tidlegare Fylkesveg har det ikkje vore utført grensemerking eller oppmåling.

Eigedommen 40/35 til skyttarlaget vart skylddelt i 1980 og det står då at den grensar mot Fylkesvegen.

Dette er difor ei grense som er oppretta fordi eigedommen 40/35 vart oppretta. Påvising av grensa her er ikkje viktig for Meland kommune, då heller ikkje resten av vegen her har noko eksakt grense.

I lys av dette ser ikkje kommunen det naturleg å ta kostnadane med denne grensepåvisinga slik Meland skyttarlag bed om.

Venleg helsing

Anngunn Marie Gullbrå
Fagansvarleg Geodata
Tlf: 5617 1181/ 1000
E-post: anngunn.gullbra@meland.kommune.no



[Sjå brosjyren vår](#)

Fra: Knut Martin Bjrnestad [<mailto:bornisen@hotmail.com>]
Sendt: 17. september 2015 15:00
Til: Anngunn Marie Gullbrå
Emne: SV: Grensepåvising 40/35

Ok. Takk for tilbakemelding

Mvh
Knut Martin Bjørnstad

Sendt fra min Samsung-enhet

----- Opprinnelig melding -----
Fra: Anngunn Marie Gullbrå <Anngunn.Gullbra@meland.kommune.no>
Dato: 17.09.2015 13.35 (GMT+01:00)
Til: bornisen@hotmail.com
Emne: Grensepåvising 40/35

Hei

Viser til telefonsamtale i dag. Me treng litt lengre tid for å koma tilbake til dykk med svar.

De høyrer frå oss så snart me har greidd å henta inn nokre fleire opplysningar.

Venleg helsing

Anngunn Marie Gullbrå
Fagansvarleg Geodata
Tlf: 5617 1181/ 1000
E-post: anngunn.gullbra@meland.kommune.no



[Sjå brosjyren vår](#)